


清晨的鸟声

Lyden av fuglar om morgonen



LIDA Portugal

☒ Vilnius Aistis Vilimas

Kathy Zhang

5

中文 / nynorsk



LIDA Stories

lidastories.net

清晨的鸟声 / Lyden av fuglar om

morgonen

LIDA Portugal


☒ Vilnius Aistis Vilimas

Kathy Zhang (zh), Espen Stranger-

Johannessen (nn)




This work is licensed under a Creative Commons
[Attribution 4.0 International License](https://creativecommons.org/licenses/by/4.0).
<https://creativecommons.org/licenses/by/4.0>



尤利娅和丈夫、小女儿生活在乌克兰一个安静的小村庄。尤利娅很喜欢每天早上在鸟叫声中醒来的生活。她从没有想过会去离家很远的地方生活，早晨也不再会被鸟叫声唤醒。

...

Yulia, mannen hennar og den vesle dottera
deira budde i ein liten, roleg tettstad i Ukraina.
Yulia likte veldig godt å vakne kvar morgon til
lyden av fuglar. Ho trudde aldri at ho skulle bu
langt heimanfrå, eller at ho ikkje skulle bli vekt
av lyden av fuglar om morgonen.



她的丈夫总是抱怨家里钱不够，还开始酗酒。尤利娅和丈夫决定去葡萄牙碰碰运气。也许在那里他们可以赚到更多的钱来盖房子，为他们的家庭创造一个更好的未来。

...


Mannen hennar klaga alltid over mangelen på pengar, og han byrja å drikke mykje. Dei bestemte seg for å prøve lykke i Portugal. Kanskje dei der kunne tene meir pengar til å bygge eit hus og ei betre framtid for familien.



尤利娅在新家适应得很快，开始做清洁工。客户们都很欣赏她的辛勤工作和礼貌态度。但她丈夫却感觉越来越不被重视。由于酗酒的问题，雇主不信任他，也不愿意给他工作。

...


Yulia tilpassa seg den nye heimen godt, og ho byrja å jobbe som heimehjelp. Kundane hennar sette verkeleg pris på arbeidet hennar og den høflege innstillinga hennar. Mannen hennar, derimot, følte seg stadig meir oversett. På grunn av alkoholproblemet hans stolte ikkje arbeidsgivarar nok på han til å gi han arbeid.



有一天，他突然开始对尤利娅大喊大叫。然后，他又开始推她。打骂的情况越来越严重，尤其是在他喝醉后。尤利娅非常担心自己和女儿，但她不知道自己能做什么。

...

Ein dag byrja han å kjefte på Yulia. Seinare byrja han å dytte henne. Valden auka med skriking og slag, særleg når han var full. Yulia var redd for seg sjølv og for dottera, men ho visste ikkje kva ho skulle gjere.



尤利娅去了妇女庇护所，在那里她感到了久违的安宁。她很久没有这种感受了，让她想起从前早上被鸟叫声唤醒的惬意时光。

...

Yulia drog til eit krisesenter, der ho følte seg tryggare enn ho hadde gjort på lenge. Ho hadde ikkje følt seg sånn sidan ho vart vekt av lyden av fuglar om morgonen.



最后，当尤利娅因手臂骨折而不得不去医院急诊室时，她才知道家庭暴力在葡萄牙是非常严重的事情。他们说这是犯罪，她应该报警。

...

Då Yulia omsider måtte dra til legevakta på sjukehuset med brekt arm, fortalde dei henne at partnervald var eit stort problem i Portugal. Dei sa òg at det var ulovleg, og at ho burde melde det til politiet.



尤利娅已经累坏了，也不希望小女儿在一个每天目睹暴力的家庭中长大。尤利娅这才意识到，虐待从很久以前就有迹象，只是形式不同而已。

...

Yulia var utsliten og ville ikkje at den vesle dottera hennar skulle vekse opp i ein heim kor ho var vitne til vald dagleg. Yulia innsåg at teikna på mishandling hadde vore der heile tida, sjølv om dei såg veldig forskjellige ut.